

# Retningslinjer for kunstnarisk råd.

## Seljord kunstforening

### 1. Kunstnarisk råd sitt føremål

Kunstnarisk råd er ein vurderingsinstans som skal bidra til å ivareta og styrke kunstnarisk kvalitet og formidlingskvalitet for Sommarutstillinga. Kunstnarisk råd skal legge fram forslag til kunstnarar og tema for Sommarutstillinga. Rådet skal og ha ein rådgjevande funksjon og komme med kvalifiserte innspel i høve til aktuelle forslag i frå dagleg leiar og styret i SKF. Kunstnarisk råd skal etterstrebe å produsere ei felles beslutning. Forslaga i frå kunstnarisk råd vere i samråd med styret.

### 2. Kunstnarisk råd si samansetjing

Kunstnarisk råd oppnemnst av styret i SKF. Rådet skal bestå av 3-5 personar med kunstnarisk eller kunstfagleg bakgrunn. Til saman bør dei ha ei brei fagleg kompetanse. Dagleg leiar i SKF er skrivar. Dersom ikkje SKF har dagleg leiar vel styret ein representant til dette.

Medlemmane av kunstnarisk råd vert valt på årsmøtet for to år om gongen. Medlemmene kan bli attvalde for tre periodar.

Medlemmane av rådet får eit årshonorar som vert fastsett på årsmøtet. Medlemmane sender rekning etter kvar Sommarutstilling. Reisegodtgjering dekkast etter avtale og køyregodtgjering dekkast etter staten sine satsar.

### 3. Habilitet

Medlemmar i kunstnarisk råd skal ikkje kunne gje seg sjølv eller personar som dei har nær tilknytning til, uberettiga fordeler. Ved inhabilitet har ikkje medlemmet rett til å vere med på vurderingsresultatet i det tilfellet som omhandlar medlemmet, men kan delta normalt i resten av møtet.

Sjå Forvaltningsloven 6 (habilitetskrav) linka til Lovdata.

### 4. Kunstnarisk råd sin arbeidsform

Kunstnarisk råd sine individuelle vurderingar presenterast muntleg av rådets medlemmer på kvart møte. Kunstnarisk råd skal saman med dagleg leiar i SKF sikre at relevante vurderingskriterier vert diskutert (t.d. utstillingas kvalitet, formidlingskvalitet, forhold til ulike målgrupper osv.).

Dagleg leiar i SKF har ansvar for å kalle inn til møte og evt. sette opp ei møteplan. I førekant av kvart møte skal det sendas det ut innkalling med sakliste. I etterkant av kvart skal det sendast ut referat/protokoll til medlemmene i kunstnarisk råd. Dagleg leiar har plikt til å orientere styret om framdrifta i arbeidet med utstillinga.

